

Til skogeigarar som har avverka skog i 2017 og 2018.

Foryngelse etter hogst er eit skogkulturtiltak i skogen som er lovpålagt, gjennom forskrift om berekraftig skogbruk. Den vanlegaste metoden for foryngelse er ved planting.

Det er i disse dagar med mykje flatehogst i kommunen kome ein stor mengde med Gransnutebille. Dette er ei bille som kjem flygande om våren eller om hausten til ferske hogstfelt, kor dei et på nyhogde stubbar og att liggjande tre. Når ein slik sverm er komen til ei hogstflate blir den verande for å beite og for å formeirar seg, ved blant anna å legge egg i stubbar, som gje grunnlaget for neste sesongs larver og biller. Det er difor gitt ei anbefaling frå myndigheitene på å vente i inntil 3 år, minst to somrar før ein plantar. Dette fordi gransnutebilla eter opp barken og nålene på nyplanter slik at dei får skader og nesten alle plantane døyr.

I seinare tid er det utprøvd voks planter. Det er planter som er påført voks i nedre ende av planten for å hindre at gransnutebilla kjem til barken. No er voksplantene mykje nytta, men dessverre med varierende effekt. Det er gjennomført ulike prosjekt for å finne effekten av voksing av planter. Dette gjeld planter som er satt ned i jorda på hogstfelt som ikkje har hatt kvilesomar eller hatt berre ein kvilesomar. Det viser seg at gransnutebilla kryp over voksen eller eter seg gjennom voksen for å kome til barken. Det viser at voksen har en viss effekt, så det er betre med voks enn utan, men effekten er ikkje så god som håpa. Det er dessverre for høg dødelegheit sjølv ved bruk av voks like etter hogst, til at dette kan anbefalast. Det har og vore tilfelle i Vestnes med dårleg kvalitet på voksen som gjer at den flassar av eller er for tynn til å halde billa unna. Konklusjonen frå ulike prosjekta er ein kombinasjon av ventetid og voksbehandla planter.

Som skogbruksansvarleg i kommunen vil eg ikkje anbefale dykk å plante for tidleg. Det er dyrt å plante, og må ein til med suppleringsplanting på grunn av gransnutebilla så er det ein ekstra unødig kostnad. Anbefalinga mi er difor å vente i to somrar som framleis er anbefalinga frå myndigheitene.

Dette er ei anbefaling. Det er skogeigar sjølv som avgjer når det skal plantast, så lenge det er innan fem år jf. Forskrift om berekraftig skogbruk.



Figur 1. planteskade av gransnutebille på voksa plante